

Energiltaksfond – vedtekter

Ål kommune oppretta på nytt eit energiltaksfond. For 2023 blir det sett av 10 millionar kroner som ein ny oppstartskapital. Blir dekt frå disposisjonsfondet. Framtidig løyvingar til fondet blir vurdert ved budsjetthandsaming for Ål kommune

Fondet skal gå til å støtte tiltak som reduserer bruken av elektrisk energi hjå vanlege forbrukarar i kommunen, ikkje i større kommunale bygg. I tillegg skal fondet fremje bruk av lokale, fornybare råstoff.

Framtidig avsetning til fondet skal kome frå overskot frå Ål Kraftverk KF. Kommunestyret vedtek for kvart år ved avslutninga av reknskapen til Ål Kraftverk KF bruk og avsetjing til fondet etter framlegg frå styret i Ål Kraftverk KF

Privatpersonar med eigedom brukt til fast busetnad, organisasjonar og bedrifter lokalisert i Ål kommune kan søkje. Tiltak ved kommunale eine- og tomannsbustader kan også få stønad.

Vedtektene blir rullert kvart 2. år, der statistikk for bruk og effekt av energiltaksfondet blir lagt fram.

TILTAK DET VERT GJETT STØNAD TIL

Bustader og organisasjonar:

Det kan etter søknad gjevast eit tilskot på generelt inntil 20 % av investeringa. Pelletsomnar og pelletstankar får ein stønad på inntil 30 %. Arkitekt- skisse til løysing med fleire bueingar 3 timar - 100 %. Storleiken på investeringa må kunne dokumenterast. Maksimalsatsar bustader og organisasjonar er vist i tabell 1.

| Tiltak | Vedomn | Pellets omn utan vass varming | Pellets omn med vass varming | Luft til luft varme pumpe | Vatn til vatn varme pumpe* | Ved- kjel | Flis- fyr | Pellets- fyr | Luft til vatn varme- pumpe | Pellets- tank |
|----------------------|--------|-------------------------------|------------------------------|---------------------------|----------------------------|-----------|-----------|--------------|----------------------------|---------------|
| Maksimal stønad (kr) | 3500 | 6000 | 9000 | 5000 | 30000 | 30000 | 30000 | 30000 | 25000 | 4500 |

| Tiltak | Utskiifting av Vindaug | Etterisolering av kalde loft ("rull'n ut") | Montering av sentralt styringssystem for å senke temperatur i periodar | Solcelleanlegg | Solfangar | Arkitekt- ombygging hybel/ekstra bueining |
|----------------------|------------------------|--|--|----------------|-----------|---|
| Maksimal stønad (kr) | 10000 | 5000 | 5000 | 25000 | 25000 | 5000 |

- *Vatn til vatn varmepumpe er det same som jordvarme*

Tabell 1. Maksimalsatsar i stønad frå energiltaksfondet bustader og organisasjonar

Luft til luft varmepumper, også installasjon er med i grunnlaget for stønad.

Vatn til vatn varmepumper, også borehol/grøfter, kollektor, kuldebærar og installasjon.

Flis/pellets og vedfyringsanlegg, grøfter og fordeling mellom hus, flissilo og installasjon er med i grunnlaget.

Pelletsomnar, også tilknytning til pipe.

Vedomnar og lukka peisar, også tilknytning til pipe. Ildstaden må være reintbrennande. Det må dokumenterast at omnen som blir bytta ut ikkje var reintbrennande ved å ta bilde av gamal og ny omn montert.

Nye energikjelder, varmeproduserande einingar i tråd med formålet.

Informasjons- og opplysningsarbeid som støttar opp under målsetningane for fondet. Storleiken på støtta vert avgjort i kvart tilfelle.

Stønad til utskifting av vindauge: Glasa må være meir enn 20 år gamle i utgangspunktet. Stønad på 1000 kr pr vindauge. U-verdien på glaset må være 0,8 eller mindre. Maksimal stønad er 10000 kroner pr hus.

Etterisolering av loft: 40 kr pr m² loftsareal pr 10 cm ekstra isolasjon. Maksimalt 5000 kroner pr hus. (Eksempel: Hus på 100 m² loftsflate med 10 cm ekstra isolasjon = 4000 kr i stønad)

Styringssystem for varmekjelder : Det blir gitt 20 % av kostnaden. Maksimalt 5000 kroner.

Pelletstank: Også skruer for automatisk mating er med i grunnlaget.

Solcelleanlegg : Kopi av samsvarserklæring frå installatør må leggest med.

Arkitekt- Skisse til ombygging av ein bustad til fleire bueingar/hybel: Kopi av skisse til løysingar før og etter må leggest med.

Stønader frå andre som gir stønad kjem til frådrag i stønadssummen.

Bedrifter, næring og organisasjonar

Det kan etter søknad gjevast eit tilskot på generelt inntil 20 % av investeringa. Pelletsfyr får ein stønad på inntil 30 %. Storleiken på investeringa må kunne dokumenterast. Maksimalsatsar er vist i tabell 2. Stønader frå andre som gir stønad kjem til frådrag i stønadssummen. Maksimalsatsen gjeld pr g.nr/b.nr og år. Det vil si at dette er maksimalsatsar pr. år på ein plass (Uavhengig av antall bygg eller antall m². med bygningsmasse). Tiltak i bustadhus på gardsbruk blir handsama etter reglar for bustader.

| Tiltak | Luft til luft varmepumpe | Vatn til vatn varmepumpe | Vedkjel | Flisfyr | Pelletsfyr | Utskifting vindauge |
|-----------------------------|--------------------------|--------------------------|---------|---------|------------|---------------------|
| Maksimal stønad (kr) | 50.000 | 100.000 | 50.000 | 50.000 | 50.000 | 50.000 |

| Tiltak | Etterisolering av kalde loft | Montering av sentralt styringssystem for temperatur | Solcelleanlegg | Solfangar |
|-----------------------------|------------------------------|---|----------------|-----------|
| Maksimal stønad (kr) | 30.000 | 20.000 | 100.000 | 50.000 |

Tabell 2. Maksimalsatsar i stønad frå energitiltaksfondet til bedrifter og næring.

Luft til luft varmepumper, også installasjon er med i grunnlaget for stønad.

Vatn til vatn varmepumper, også borehol/grøfter, kollektor, kuldebærar og installasjon.

Flis/pellets og vedfyringsanlegg, grøfter og fordeling mellom hus, flissilo og installasjon er med i grunnlaget.

Pelletfyr, også tilknytning til pipe.

Nye energikjelder, varmeproduiserande einingar i tråd med formålet.

Informasjons- og opplysningsarbeid som støttar opp under målsetningane for fondet. Storleiken på støtta vert avgjort i kvart tilfelle.

Stønad til utskifting av vindauge: Glasa må være meir enn 20 år gamle i utgangspunktet. Stønad på 1000 kr pr vindauge. U-verdien på glaset må være 0,8 eller mindre. Maksimal stønad er 50000 kroner pr g.nr/b.nr.

Etterisolering av loft: 40 kr pr m2 loftsareal pr 10 cm ekstra isolasjon. Maksimale 30000 kroner pr eigedom. (Eksempel: Hus på 100 m2 loftsflate med 10 cm ekstra isolasjon = 4000 kr i stønad)

Styringssystem for varmekjelder : Det blir gitt 20 % av kostnaden. Maksimale 20.000 kroner.

Solcelleanlegg : Kopi av samsvarserklæring frå installatør må leggast med.

TILTAK SOM IKKJE KJEM INNUNDER STØTTEORDNINGA

Tiltak som er innkjøpt for meir enn 2 år sidan.

Røykpiper, vassløyfer innomhus, radiatorar, varmfordelingsanlegg, fyrrom, naturgassinstallasjonar samt andre bygningsmessige konstruksjonar. Etterisolering eller anna bygningsmessig arbeid utanom etterisolering av kalde loft og utskifting av vindauge, sjå over. Utskifting av ein reinbrennande vedomn med ein annan omn.

Det er ein føresetnad for støtte at tiltaka er i samsvar med krav i aktuelle lover og reglar på området.

HANDSAMING AV SØKNAD

Stønad vil bli gitt i etterkant av tiltaket.

Ål kommune vil offentleggjere ordninga med ein søknadsfrist: 1.Januar pr år. (Årsskifte etter at tiltaket er utført).

Med søknaden må det fylgje med informasjon om målepunktid og tillating til å innhente informasjon om bruk av straum på den oppgitte målepunktid. Dette for å kunne vurdere verknaden av tiltaket over tid. Kopi av alle kvitteringar i samband med tiltaket må også fylgje med.

Rådmannen, via den han peikar ut, vil handsame søknadene og gje søkjarane ei skriftleg melding om resultatet. Formannskap/energiutval handsamar klaga. Det er 3 vekers klagefrist på vedtak.

Formannskap / energiutval kan løpande prioritere kva tiltak som skal gjes tilskot.

KONTROLL

Ål kommune har rett til å kontrollere at installasjonar er utført slik det er søkt om, og etter desse retningslinjene. Straumbruken før anlegg kom i drift, og 2 år etter vil bli henta inn for å fastslå verknad av tiltaket.